



Fløysand Va As  
Terje Fløysand  
Fløksand  
5918 FREKHAUG

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 14/660 - 17/3364

Saksbehandlar:  
Reidun Iden Lædre  
reidun.i.ladre@meland.kommune.no

Dato:  
22.02.2017

## Gjeld tilkopling til kommunalt vassverk og utslepp frå ny fritidsbustad på GBNR 42/22 Eikeland.

Meland kommune viser til motteken søknad om tilkopling til kommunalt vassverk, samt utslepp via slamavskiljar for ny fritidsbustad på eigedomen gbnr 42/22 på Eikeland. Det vert vist til rammeløyve for fritidsbustaden gjeve 12.12.2014, i sak DNT.367/2014.

Ved gjennomgang av søknaden ser me at det er manglar i saka.

Det må sendast inn eigen søknad om utslepp, innsendt skjema gjeld søknad tilkopling til offentleg kloakk. Skjema følgjer vedlagt. Slike utslepp skal nabovarslast. Ein slamavskiljar plassert på eigedomen gbnr 42/22 vil ikkje kunna tømmast innanfor den kommunale slamforskrifta. Det må gjerast greie for korleis tømming av slamavskiljaren skal løysast.

Det går ikkje fram av innsendt dokumentasjon om det er søkt Bergen og Omland Havnevesen om løyve til utlegging av avlaupsleidning i sjø.

Det er opplyst at eigedomen skal kopla seg til det kommunale vassverket via privat stikkleidning. Det må innhentast erklæring frå eigarane av den private vassleidningen som gjev eigedomen gbnr 42/22 rett til dette. Det er også naudsynt med med erklæring som gjev eigedomen gbnr 42/22 rett til å leggja vassleidning på privat grunn, gbnr 42/8.

I påvente av at etterspurt dokumentasjon vert sendt inn, vert saka lagt på vent.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Reidun Iden Lædre  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**

Skjema for søknad om utslepp

**Kopi til:**

Eik Arkitektur & design AS  
Harald Skogheim

Våganeset 21

5106

ØVRE ERVIK

**Mottakere:**

Fløysand Va As

Terje Fløysand

5918

FREKHAUG